

Skriftleg svar på spørsmål frå aksjonsgruppa Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen frå dei tre første kandidatane på Austrheim Arbeidarparti si liste ved kommunevalet i 2023.

I Austrheim Arbeidarparti set me pris på gode meiningsutvekslingar når aktuelle saker i kommunen skal avgjerast. Spørsmåla frå aksjonsgruppa meiner me gir eit godt grunnlag for å få ut god og sakleg informasjon om det pågående arbeidet med reguleringsplanen for næringsområdet i Øksnesmarka.

Det er ein av grunneigarane som har sett i gang dette reguleringsarbeidet, noko som er heilt i tråd med både gjeldande og tidlegare kommuneplanar for området. Grunneigaren er sjølv sagt i sin fulle rett til å starta reguleringsarbeidet og treng ikkje nokon form for løyve frå kommunen.

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, skal det gjerast ei rekke konsekvensutgreiingar for å kartleggja om ei utbygging av området vil føra til store negative konsekvensar for samfunn, natur og miljø. Planen kan også innehalda framlegg til avbøtande tiltak for eventuelle registrerte negative konsekvensar. Det er med andre ord eit omfattande arbeid som skal gjerast i samband med utarbeidinga av reguleringsplanen og den endelige planen vil innehalda ei rekke føresegner som framtidige utbyggjarar må ta omsyn til. Det kan til dømes setjast krav om avbøtande eller kompenserande tiltak, eller krav om restaurering av andre områder for å kompensera for eventuelle negative miljø- eller naturkonsekvensar ei utbygging av Øksnesmarka vil føra til.

Framlegget til reguleringsplan for Øksnesmarka skal ut på offentleg høyring og då vil både offentlege og private interessantar kunna koma med innspel til planen. Viss det kjem mange relevante motseigner til planforslaget, vil det bli fleire høyringsrundar på reguleringsplanen.

Så til spørsmåla:

Spørsmål 1)

Meiner de at det er grunnlag og behov for å bruka Øksnesmarka til eit nytt stort industriområde? Om ja, kvifor?

Me har aldri fremja tankar eller planar om å etablera eit nytt stort industriområde i Øksnesmarka, men me meiner at det både er grunnlag og trøng for å bruka Øksnesmarka til å skapa nye næringar i Austrheim.

Austrheim kommune har eit relativt einsidig næringsliv dominert av olje- og gassnæringa. Me er svært sårbar for svingingar i denne næringa, noko me til fulle fekk kjenna under oljekrisa i 2014 som gav oss ei arbeidsløyse på nesten 10% og førde kommunen inn på Robek-registeret. Me veit også at olje- og gassnæringa står framfor store og omfattande omstillingar i nær framtid og desse omstillingane vil bli svært krevjande for Austrheim og Nordhordlandsregionen. For å sikra framtida vår, er det avgjerande at både Austrheim og resten av regionen legg til rette for den omstillinga som vil koma i det lokale næringslivet det neste tiåret.

Alle landets kommunar jobbar aktivt for å få til ei god samfunnsutvikling og sjølve grunnsteinen i samfunnsutviklinga er ei berekraftig og framtidsretta næringsutvikling. Derfor må kommunane setja av tilstrekkeleg areal til næringsutvikling.

Solberg-regjeringa var tydeleg på at norsk matproduksjon må aukast monaleg og peikte særleg på produksjon av norsk sjømat. Her meinte dei at verdiskapinga på sikt må femdoblast. Den noverande regjeringa har sluttat seg til Solberg-regjeringa sine mål om norsk matproduksjon. Her har altså to regjeringar gitt norske kommunar i oppdrag å leggja til rette for meir matproduksjon og då særleg marin matproduksjon. Alle veit at Norge, med verdas nest lengste kystlinje, har dei aller beste føresetnadane for å auka den marine matproduksjonen. I ei verd der folketalet nærmar seg ti milliardar menneske, må alle bidra til auka matproduksjon, også Norge og Austrheim.

Dagens oppdrettsanlegg for laks og aure er ikkje framtidsretta. Områda frå Karmøy i sør til Stadt i nord, er sterkt plaga med lakselus, noko som skapar store utfordringar for både oppdrettsfisk og vill laks. For å få bukt med problema knytt til lakselus, har myndighetene redusert produksjonsvolumet med seks prosent i 2020 og ytterlegare seks prosent i 2022. Likevel har me i Vestland ei dødeleheit på 22 – 24% i oppdrettsanlegga, i all hovudsak er dødeleheita knytt til behandling av oppdrettslaks med lakselus. Tek me i tillegg med at det er brukt store mengder leppefisk i anlegga for å betra lusetilstanden og at det har blitt drive rovfiske på desse fiskeartane dei siste åra, ser me at den noverande driftsforma innan oppdrettsnæringa, ikkje er berekraftig. Det må nemnast at rovfiske på leppefisk sjølv sagt går utover dei fiskeartane langs kysten som beitar på denne fiskearten og at leppefisken har eit svært kort liv i merdane. Det er derfor lett å hevda at dyrevelferda til både leppefisk, oppdrettslaks, vill laks og ordinære fiskeartar på kysten, ikkje på nokon måte er akseptabel med dagens driftsform i oppdrettsnæringa. Me skal heller ikkje sjå bort frå at rovfiske av leppefisk også har hatt ein negativ verknad på sjøfuglbestanden, spesielt for terne, tjeld, småmåse og ærfugl. Rovfiske på leppefisk skapar sjølv sagt ein ubalanse for andre fiskeartar. Mange av desse er mat for sjøfuglar, og utan mat forsvinn sjøfuglane våre. Det er alvorleg.

Øksnesmarka og vågen utanfor peika seg tidleg ut som eit av dei beste områda i Hordaland for produksjon av marine artar. Vasskvaliteten i vågen er svært god og det er djupt like utanfor land. Ein kan såleis enkelt henta klårt og reint sjøvatn med jamn temperatur året rundt til eventuelle marine produksjonsanlegg på land. Havforskinsinstituttet, som er med på utarbeiding av felles plan for sjøareal i Nordhordland, har uttalt at framtidas produksjon av matfisk truleg vil skje i tre typar anlegg: landbaserte anlegg, utsleppsfrie anlegg på sjø eller nedsenka anlegg i sjø. Øksnesmarka, med vågen utanfor, er svært godt eigna til alle desse produksjonsmetodane.

Ut frå dette meiner me i Austrheim Arbeidarparti at me med å leggja til rette for utvikling av berekraftige næringar i Øksnesmarka, leverer på det samfunnsansvaret me har både lokalt, nasjonalt og globalt.

Spørsmål 2)

Korleis kan ein sikra tilstrekkeleg kapasitet for ferskvatn og straum til næringsdrift i Øksnesmarka, og kven skal ta kostnaden for dette?

For ein stor del av produksjonen av marine artar på land, vil sjøvatn vera ein av dei viktigaste innsatsfaktorane. Sidan landskapet er så lavt, vil ein lett og utan bruk av mykje energi, kunna pumpa klårt og reint sjøvatn frå ulike djup til anlegget. Dersom ein vel RAS-teknologi, vil det meste av vatnet bli resirkulert. Skulle det vera trong for ferskvatn, så er det mange lokale vatn i området frå Årås og nordover i Øksnesmarka som kan nyttast til vassforsyning. Drikkevatn kan ein henta frå det kommunale nettet. Utbygging av vasstilførsel vil sjølvsagt utbyggjarane sjølv betala for. Dersom ein ser for seg å henta store mengder vatn frå det kommunale nettet, vil det vera naturleg at utbyggjarane må betala eit anleggsbidrag til kommunen, slik at kommunen kan modifisera sitt anlegg for å kunna møta den auka etterspørsele etter kommunalt vatn.

BKK er netteigar i området og vil stå for framføring av elektrisk kraft. Også her må utbyggjarane betala anleggsbidrag. Me veit at Fedje kommune ønskjer meir elektrisk kraft, men BKK vil ikkje prioritera arbeidet med å forsterka dei eksisterande linjene til Fedje. I drøftingane mellom Fedje kommune og BKK har det kome fram at dersom det vert ei næringsutbygging i Øksnesmarka, vil BKK vurdera og leggja ein ny kabel frå Øksnesmarka til Fedje. Ei næringsutbygging i Øksnesmarka kan med andre ord også føra til ei positiv nærings- og samfunnsutvikling hjå våre gode naboor i vest.

Spørsmål 3)

Korleis vil ei eventuell sterkt negativ konsekvensutgreiing påverke dykkar innstilling til utbygging?

Dei konsekvensutgreiingane som til no har vore gjennomført i området, har berre teke for seg kva negative konsekvensar ei eventuell utbygging vil ha. Me reknar med at nye konsekvensutgreiingar vil vera meir balanserte og ha med seg både positive og negative konsekvensar av eventuelle næringsetableringar i området. Me tenkjer at konsekvensutgreiingane må sjå på tap av natur og naturmangfold, fare for reduksjon i det biologiske mangfaldet, utslepp av klimagassar, tap av rekreasjonsområde og så vidare, men me reknar med at konsekvensutgreiingane også vil ta med dei positive konsekvensane av ei eventuell utbygging. Her tenkjer me på nye, berekraftige og kortreiste arbeidsplassar, eit meir differensiert næringsliv i regionen, auka verdiskaping lokal og nasjonalt, produksjon av berekraftig og sunn mat og ny straumforsyning til Fedje. Me trur at dersom alle desse faktorane vert vekta riktig, så vil ei næringsutbygging i Øksnesmarka koma godt ut av ei konsekvensutgreiing.

Me stiller oss litt undrande til påstandane som kjem fram om at den delen av Øksnesmarka som er sett av til næringsføremål, er så unik som aksjonsgruppa vil ha det til. Austrheim består i all hovudsak av tidlegare torvmyrar som er svært like Øksnesmarka. Finn ein unike plantar, insekt eller dyr i Øksnesmarka, då finn ein det også i store delar av resten av kommunen og på store delar av kysten av Nordhordland.

Skulle Øksnesmarka vera så unik som aksjonsgruppa hevdar og skulle denne marka skilja seg så radikalt ut frå resten av kommunen og Nordhordland, vert det sjølvsagt ein helt ny situasjon som kan endra planane for området på ein måte me ikkje kan sjå i dag. Me stiller oss elles litt undrande til at denne eine prosenten av kommunen sitt landareal som

næringsarealet i Øksnesmarka utgjer, har ein så ekstrem verdfull natur som aksjonsgruppa vil ha det til.

Spørsmål 4)

Noreg inngjekk nyleg i Montreal-avtalen, som forpliktar oss til 30% vern og 30% restaurering av natur innan 2030. Korleis skal Austrheim bidra til å gjennomføra dette?

Austrheim Arbeidarparti stiller seg sjølvsagt 100% bak denne avtalen som vår eigen klima- og miljøminister Espen Bart Eide, underteikna i Montreal i fjar. Me har alt ein del verna areal i kommunen og det aller meste av kommunen sitt landareal, er LNF-område. Det inneber at det alt er forbod mot fysiske tiltak i store delar av landarealet i kommunen. I Austrheim Arbeidarparti sitt program for perioden 2023 til 2027, står det følgjande:

- Austrheim Arbeidarparti vil sikre natur og naturmangfold i kommunen i tråd med avtalen som vart inngått i Montreal i 2022.

Dette vil me jobba aktivt med å få konkretisert i fireårsperioden me går inn i til hausten.

Me vil elles nemna at kommunane Alver og Austrheim saman med Norsk Landbruksrådgivning, fekk Landbruks- og matdepartementet sin nasjonale jordvernpris i 2021. Denne fekk me for at me aktivt jobbar for å ta vare på jordmassane våre og nytta dei til å byggja nytt landbruksland. Konkret er dette synleggjort i desse dagar i Mongstad-krysset, der jordmassar som vert fjerna frå det kommunale næringsarealet, vert levert til lokale bønder som lagar nytt slåtteland.

Avslutning:

Me håpar at me no kan få ein seriøs og sakleg debatt om Øksnesmarka. Me har full forståing og respekt for at andre ikkje deler vårt syn i saka, men alle må respektera dei politiske vedtaka som er fatta i denne saka. Ingen er for ei rasering av Øksnesmarka, me ønskjer ei skånsam næringsutbygging der det vert vist respekt for både friluftsliv, natur og miljø. Me ønskjer å trekkja til oss seriøse næringsaktørar som vil vera med å utvikla eit framtidsrettet næringsliv og eit moderne, levande og godt lokalsamfunn.

Beste helsing Per Lerøy, Ann Kristin Lervåg og Adrian Stueland

Styret i Austrheim Arbeidarparti stiller seg bak svara frå partiet sine tre første listekandidatar.

Kopi av svara frå Austrheim Arbeidarparti vil bli sendt til lokalavisene i Nordhordland.